Fråvær og dokumentasjon

Rettleiar for elevar og føresette

Sauda
vidaregåande skule

Innhald

1. Fråværsreglane i korte trekk 2
2. Fråværstypar 2
2a. Udokumentert fråvær 2
2b. Helsefråvær 3
2c. Anna dokumenterbart fråvær 3
2d. Rettsfråvær 3
3. Oppfølging av fråværet ditt 3
3a. Eigenmelding fram til ti prosent 3
3b. Dokumentasjon frå ti prosent 3
3c. Søknad om fråtrekk av fråvær ved skuleslutt 4
3d. Skjønnsmessig vurdering av rektor opp til 15 prosent 4
4. Varselbrev 5
5. Arkivering av dokumentasjon 5
Relevante lovar og retningslinjer 6

1. Fråværsreglane i korte trekk

Det blei innført nye reglar 1. august 2025 rundt fråvær og fråværsgrensa. Dei viktigaste reglane er som følger:

- Du eller dine føresette kan levere eigenmelding for sjukefråvær opp til ti prosent i kvart fag
- Etter ti prosent må fråværet dokumenterast av helsepersonell
- Viss du overstig ti prosent udokumentert fråvær, vil du ikkje lenger ha rett på terminkarakter eller standpunkt i faget ved slutten av skuleåret
- Fråværet skal reknast ut frå årstimane i faget for skuleåret i heilskap, og ikkje lenger per termin
- Rektor kan bruke skjønn for udokumentert fråvær opp til 15 prosent for å vurdere om det er formildande forhold som kan spele inn slik at du likevel kan få ein karakter
- Ved kronisk sjukdom og liknande kan fråvær dokumenterast med eigenmelding saman med annan type dokumentasjon, slik at du ikkje treng å oppsøke lege for kvar gong
- Både dokumentert og udokumentert fråvær tel med i fråværsutrekninga på vitnemål og kompetansebevis
- Det skal sendast ut varselbrev til deg (og føresette viss du er under 18 år), viss du står i fare for å overstige fråværsgrensa
- Fråvær som skuldast følgande grunnar kan også dokumenterast og trekkast frå fråværsgrensa:
    a. Velferdsforhold
    b. Andre religiøse høgtidsdagar enn dei offentlege heilagdagane (inntil to dagar)
    c. Lovpålagt oppmøte
    d. Arbeid som tillitsvald, politisk arbeid og/eller hjelpearbeid
    e. Tryggleikskurs på bane, andre og tredje del av tryggleikskurs på veg og førarprøve for klasse B (teoretisk og praktisk)
    f. Representasjon på arrangement nasjonalt og internasjonalt

2. Fråværstypar

Med dei nye fråværsreglane, kan ein dele opp i fire typar fråvær:

1. Udokumentert fråvær
2. Helsefråvær
3. Anna dokumenterbart fråvær
4. Rettsfråvær

2a. Udokumentert fråvær

Fråvær som ikkje reknast som ein av fråværstypane skildra i opplæringsforskrifta § 9-8 bokstav a til i.

Alt udokumentert fråvær tel opp mot fråværsgrensa. Dette skal førast med kodane «X» (ikkje meldt til kontaktlærar/skulen) eller «M» (meldt til kontaktlærar/skulen) i InSchool.

2b. Helsefråvær

Fråvær som skuldast sjukdom eller andre helseforhold, jf. opplæringsforskrifta § 9-8 bokstav a.

Helsefråvær tel opp mot fråværsgrensa fram til fråværsgrensa er nådd (altså fram til udokumentert fråvær og helsefråvær til saman utgjer ti prosent av årstimetalet i faget), og *nytt helsefråvær* kan deretter bli unntatt frå fråværsgrensa viss det er dokumentert. Fram til ti prosent skal helsefråvær (både eigenmeldt og evt. dokumentert) førast med koden «M». Etter ti prosent fører ein dokumentert helsefråvær med koden «D».

2c. Anna dokumenterbart fråvær

Fråvær som skuldast ein av grunnane nemnt i opplæringsforskrifta § 9-8 bokstav b til i. Til dømes velferdsfråvær, politisk arbeid eller representasjon på arrangement på nasjonalt og internasjonalt nivå

Anna dokumenterbart fråvær kan dokumenterast og bli unntatt fråværsgrensa frå den augneblinken fråværet oppstår. Dette skal førast med koden «D» i InSchool.

2d. Rettsfråvær

Fråvær som følgje av rettar du har etter opplæringslova, reknast ikkje som fråvær opp mot fråværsgrensa. Dette kan vere til dømes elevrådsarbeid, rettleiing på skulen eller utgreiingar frå PP-tenesta. Dette fråværet skal førast med koden «R» i InSchool.

3. Oppfølging av fråværet ditt

Vidare følger instruksar for korleis du skal følge opp fråværet ditt, med lenker til relevant opplæringsmateriell i Inschool. Vi rådar deg på generelt grunnlag å laste ned Min InSchool-mobilappen for å få oversikt over det som angår din skulekvardag her på Sauda vgs:

Min Inschool-mobilapp

3a. Eigenmelding fram til ti prosent

Du kan melde inn helseerelatert fråvær til kontaktlærar fram til du når ti prosent udokumentert fråvær. Følg instruksar frå kontaktlærar for korleis du skal melde det inn, anten det dreier seg om Teams, SMS eller anna.

Du kan også legge inn **framtidig fråvær**, viss du veit at du skal vere vekke. Det gjer du på følgande måte:

Melde framtidig fråvær frå Min Inschool-mobilapp

3b. Dokumentasjon frå ti prosent

Når du har overstige ti prosent fråvær i eit gitt fag, må du dokumentere fråværet, t.d. med ei legeerklæring. Du gjer dette ved å legge inn eigenmelding med dokumentasjon som vedlegg i Inschool på følgande måte:

Sende eigenmelding frå Min Inschool-mobilapp

Merk deg at du først kan gjere dette når faglærar har lagt inn fråvær for den aktuelle økta. Elles gjeld instruksane for å legge inn framtidig fråvær frå punkt 2a også i samband med dokumentert framtidig fråvær, men det er altså viktig å legge inn vedlegg:

Melde framtidig fråvær frå Min Inschool-mobilapp

3c. Søknad om fråtrekk av fråvær ved skuleslutt

Viss du ønsker å søke om fråtrekk av inntil ti skuledagar, gjer du dette også i Inschool. Du bør sette deg godt inn i føringane før du søker:

- Det er berre mogleg å søke om å trekke frå heile dagar med fråværskoden D, altså dokumentert fråvær
- Du må legge ved relevant dokumentasjon i søknaden
- Kronisk sjukdom eller anna som gir høgare risiko for helserelatert fråvær kan gi grunnlag for å stryke fråværet frå og med første fråværsdag i ein fråværsperiode
- Fråvær på grunn av sjukdom eller andre helseforhold må ha vara i meir enn tre dagar for ikkje å bli ført på vitnemål/kompetansebevis, og det er berre fråværet frå og med den fjerde dagen som kan strykast

Du søker på følgande måte i Inschool:

1. Fana «Mine søknader» og deretter «Fråtrekk av fråvær»
2. Vel «Opprett ny søknad»
3. Vel årsak til søknaden
4. Vel kva dagar som skal inngå i søknaden
5. Vel «Neste» og skriv inn beskjed i feltet «Forklar kvifor du var fråværande»
6. Last opp dokumentasjon som vedlegg
7. Vel «Neste» og sjå over søknaden før du evt. trykker på «Lagre»



3d. Skjønnsmessig vurdering av rektor opp til 15 prosent

I spesielle tilfelle kan rektor bestemme at ein elev som har gått over grensa på ti prosent, og ikkje har tilstrekkeleg dokumentasjon, likevel skal kunne få halvårsvurdering med karakter ved slutten av skuleåret i gjennomgåande fag eller standpunktkarakter. Årsaka til fråværet må

gjere det klart urimeleg at eleven ikkje får karakter. Det eigenmeldte og/eller udokumenterte fråværet i faget kan ikkje vere høgare enn 15 prosent.

Du søker ved å skrive ein søknad direkte til rektor, anten som e-post til dag.bjonnes@skole.rogfk.no eller som brev som du leverer i resepsjonen/administrasjonen. I søknaden din må forklare din situasjon, kva fag dette gjeld og kvifor du meiner at du likevel bør få terminkarakter/standpunkt trass i at du har gått over fråværsgrensa på ti prosent.

4. Varselbrev

Viss du begynner å nærme deg fråværsgrensa, er vi som skule pålagd å sende deg eit varsel i rimeleg tid til at du skal bli klar over situasjonen og ha høve til å gjere noko med det. Hos oss sender faglærar vanlegvis ut varsel når du overstig fem prosent udokumentert fråvær. Ulike fag har ulike timetal, så grunnlaget for fråværsprosentane vil variere frå fag til fag.

Varselbrevet blir i første omgang sendt til din Altinn/Digipost, og viss ikkje det blir opna i løpet av nokre dagar, blir det sendt i posten til den folkeregistrerte adressa di. Viss du er under 18 år, blir det også sendt varselbrev til dine føresette.

5. Arkivering av dokumentasjon

Dokumentasjon skal i hovudsak leverast som digitale vedlegg til eigenmeldingar, melding om framtidig fråvær og andre relevante søknadar når du overstig ti prosent udokumentert fråvær. Vi tar ikkje imot originale dokument, så desse må du ta godt vare på sjølv. Vi treng berre digitale kopiar som dokumentasjon for å dekke vårt behov, som altså handlar om slikt som fråværsgrensa opp mot skulefag og fråværstotal på vitnemål/kompetansebevis.

Du må sjølv ta ansvar for å arkivere dokumentasjonen med tanke på vegen vidare etter fullført skulegang og inn i arbeidslivet. Du kan t.d. samle papira i ein perm eller ei mappe, eller ta vare på dei digitale kopiane du sjølv har levert inn som vedlegg og samle dei i ei mappe på datamaskinen din. I så fall kan det vere lurt å lagre det via ei skyteneste, slik som Onedrive, Dropbox eller liknande.

Relevante lovar og retningslinjer

- Opplæringsforskrifta § 9-7 - Varsling om at karakteren kan falle bort eller bli sett ned
- Opplæringsforskrifta § 9-8 - Fråværsgrense i vidaregåande skole
- Opplæringsforskrifta § 9-53 - Føring av fråvær i vidaregåande opplæring
- Rundskriv om fraværsgrensen